



Direktoratet for Arbeidstilsynet
Postboks 4720 Torgarden
7468 TRONDHEIM

Vår referanse
19/1670 20/224

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Christina Aasen-Helvig

Dato
09.01.2020

Tilbakemelding etter vedtak om pålegg

Pålegg – vold og truslar om vold og uheldige belastningar, - kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan.

Hareid kommune, eining for heimetenester, har arbeidd systematisk med dette pålegget haust 2019. I samarbeid med verneombod og koordinator av tenestene er det utarbeidd kartlegging med risikovurdering, samt tiltak og planar. Det har vore fellesmøter med dialog og praktisk utforming av dette.

Vedlagt er kartlegging og risikovurdering av vold og truslar om vold og uheldige belastningar i kontakt med andre. I same skjema syner oversikt over iverksette tiltak, samt plan med frist for gjennomføring av tiltak. Handlingsplan gjev og beskriving av korleis verneombod og koordinator har medverka i arbeidet.

Pålegg – bedriftshelseteneste – bistand til påleggsgjennomføring

Arbeidsgjevar kontakta Stamina bedriftshelseteneste (BHT) som er kommuna er kunde av og sendte i første omgang arbeid med risikovurderingar til dei som var gjort internt vår 2019 og som det var pålegg om bistand til å fullføre. Vidare har arbeidsgjevares representant, verneombod og koordinator hatt samarbeidsmøter med Stamina BHT for å gjennomføre pålegget om vold, truslar om vold og uheldige belastningar – kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan. Stamina BHT ved HMS Rådgjevar Gunnhild Øksne har bistått med opplæring i kva kartlegging og risikovurdering er og korleis dette skal gjerast i systematisk HMS-arbeid. Ho har vidare veileda i bruk av skjema dei nyttar for slike planar og korleis ein skal vurdere risiko når kartlegging og identifisering av risikoområder er gjort. Det har vore ein svært lærerik prosess både for leiar og ansatte slik ein og har eit godt dokument å nytte til vidare revidering i det kontinuerlige HMS arbeidet. Det visast elles til vedlegg for ytterlegare detaljar i arbeidet.

Med helsing

Nils-Arne Skagøy
kommunalsjef

Christina Aasen-Helvig
einingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Kopi til
Nils-Arne Skagøy

Vedlegg
Risikovurdering HMS - heimstenesta Hareid kommune

Vedlegg: Risikovurdering, tiltak og planar – heimetenesta Hareid kommune.